

ØYSTRE SLIDRE KOMMUNE

Reguleringsbestemmelser til endra reguleringsplan.
for TINGVANG BUSTADFELT.

Reguleringsbestemmelsane gjeld for det området som på plan-
kartet, datert 26.01.83, er vist med reguleringsgrense.

Området er regulert til følgjande formål:

Byggeområder

Trafikkområder

Friområder

Fareområder

Fellesareal for fleire eigedomar.

1. Byggeområder

1.1. Bustader

a. På tomtene skal det først opp frittliggande einebustader.
Etasjetalet skal vera 1 etasje pluss eventuell underetasje.
Der terrenget og vegetasjon ligg til rette for det, kan bygning-
rådet godkjenne at det vert ført opp hus i $1\frac{1}{2}$ etasje.

b. For kvar leilighet skal det setjast av plass på eige tomt til
1 garasje og til oppstilling av min. 1 bil. Garasje eller car-
port som har utkjøring til felles adkomstveg eller offentleg
veg, skal plasserast min. 5 m frå vegkant. Plassering av
garasje og biloppstillingsplass skal vera vist på situasjons-
plana som fylgjer byggemeldinga for bustaden - sjølv om ikkje
garasje skal først opp samstundes med denne.
Frittliggande garasje kan berre først opp i 1 etasje med
grunnflate ikkje større enn 35 m^2 , og skal vera nøye tilpassa
hovudhuset i form, farge og materialvalg.

c. Utnyttingsgraden er her definert slik: $U = \frac{\text{brutto golvareal}}{\text{areal innanfor tomte-}} \cdot 100$
grensa.
Dessutan skal ikkje bebygd areal overstige 20 % av tomta
sitt nettoareal.

1.2. Offentleg formål.

På området skal oppførast barnehage med tilhøyrande leikeareal
og parkeringsareal.

2. Trafikkområder.

I trafikkområda skal det byggjast kjørevegar, gang- og sykkel-
vegar og snuplassar.

3. Friområder.

Bortsett frå området for ballplass, er resten av friområda forutsatt nytta slik dei ligg, utan opparbeiding. Bruken er tenkt å vera tur, sport og leik. Naudsynte byggverk og opparbeida areal, som ikkje er til hinder for bruken av området til friområde, kan likevel oppførast etter godkjenning av bygningsrådet.

4. Fareområder.

Dette gjeld sikringssona langs høgspenninglinene i området. Bygg kan ikkje oppførast nærare enn at det vert min. 6.0 m mellom næraste tråd og næraste bygningsdel.

Andre forhold i reguleringsplanen, jfr. § 26 nr. 1 i bygningslova.

a. Avkjørselsforhold.

Det skal presiserast: Av tomtene som ligg langsmed VEG A, er det berre tomtene 45, 31, 10 og 21 som får avkjøring direkte til VEG A. Dei andre får avkjøring til VEG B, C, F.A. 4, F.A. 3 og F.A. 2.

Tomtene 37, 41, 42, 43 og 44 skal ha avkjøring frå F.A. 6.

Tomtene 35 og 38 skal ha avkjøring frå F.A. 5.

Tomt nr. 26 skal ha avkjøring frå F.A. 3.

Tomt nr. 25 skal ha avkjøring frå F.A. 2 eller F.A. 3.

Tomt nr. 22 skal ha avkjøring frå F.A. 2.

Tomt nr. 27 skal ha avkjøring frå F.A. 4.

Tomtene frå 1 til og med nr. 7 skal alle ha avkjøring frå VEG D eller F.A. 1.

Detaljert plassering av avkjøring vert godkjent av bygningsrådet i samband med situasjonsplana.

b. Bebyggelses karakter.

Bygningane skal ha saltak med vinkel mellom 18 og 40°. Bygningsrådet skal sjå til at bygga får ei god form og materialbehandling.

f. Fellesareal.

Dette gjeld felles avkjørsler merka F.A. frå 1 - 6.

F.A. 1 er felles for tomtene 2, 3 og 4.

F.A. 2 er felles for tomtene 22, 23 og 25.

F.A. 3 er felles for tomtene 24, 28 og 26.

F.A. 4 er felles for tomtene 27 og 29.

F.A. 5 er felles for tomtene 35, 36, 38 og 39.

F.A. 6 er felles for tomtene 41, 42, 43, 44 og 37.

Fellesbestemmelsar.

1. Gjerder skal godkjennast av bygningsrådet når det gjeld høgde, materialvalg og farge.
 2. Bygningsrådet kan, i særlege høve dispensere frå desse bestemmelsane innanfor ramma av bygningslova.
-